



Restaureringsrapport notabu Longøyo,

gnr. 19 Bnr.1

Fitjar kommune

Eigar: Friluftsrådet Vest

Måndag den 12 oktober var underteikna på synfaring til Langøy saman med: Oddvin Øvernes, - dagleg leiar Friluftsrådet Vest, Åse Nøttveit - Stord og Fitjar landbrukskontor, Rune Havn - byggfirma Engevik og Tislevoll, Fitjar, Frank Midttun -driftsleiar Engesund Oppdrett. Synfaringa kom til i samband med at Friluftsrådet Vest ynskjer å restaurera dei to ståande bygga på øya og søka om turvande midlar til å finansiera prosjekta.

Det mest spesielle med bruket på Langøy, i tillegg til å ver eit enkelt gardsbruk i øyane, er dei imponerande rydningsrøysene me ser i kulturlandskapet. Avrunda overflatesteinar i granitt ligg i dag som verdfulle kulturminner frå ei tid me har vanskeleg for å setja oss inn . Å driva garden på Langøy må ha vore eit slit. Blar me i bygdeboka for Fitjar får me dette stadfesta. Likevel gjekk garden for å vera ein toleg god gard. Dei hadde intekt frå fiske; sild og laksefiske. Og midlar til å føra opp 5 bygg som slett ikkje dei minste me kjenner til og materielet som er nytt , mellom anna dropskifer og rasteskifer er av god kvalitet .

Langøyo er ein av dei yngste gardane i Fitjar. Den var husmannsplass under Fitjar- garden fram til 1838 då den vart sjølveigande. Garden vart driven til 1970 talet. Frå 1980 og utetter har bygga stått mykje godt til nedfalls. Løa m/flor, 2 uthus, og mogeleg naust er ikkje meir. Men tuftene står att .

Notabua er eit enkelt 14 rutemeter stort grindabygg som er sett saman av to grindepar med tilhøyrande stav, bete, stavlegje og sperr. Bygget er konstruert med ei lita «sval» mot sjøen framom

det større rommet som rommar garn/not og fiskeutstyr Det er eit av to bygg som framleis står på Longøyo.

Me har nokre notabuer att i Fitjar kommune, (mellom anna i Gloppevågen, Tveitevågen, Levågen og Årskog) men det vert stadig mindre av dei. Det er slutt på det tradisjonsrike notafisket som har gitt bygget namn. Fylgjeleg blir slike kulturminner ofte -til overs- på garden og er i fare for å koma bort. Difor er det positivt at Friluftsrådet Vest tek til ordet for å ta vare på notabua.

Liggande plank

Som me ser på fotografiet har bygget fått tøff medfart av vær og vind. I fylgje bygdeboka for Fitjar bind 1, skal bygget ver frå om lag 1850. Underteikna kjenner ikkje til om bygningsdetaljar som kledning eller tak har vore bytt ut tidlegare. Truleg er dei to grindene originale. Det spesielle med bygget er likevel at det er kledd med 1,5-2 x 6tomms liggande plank. På avstand minner dette om liggande omfar,- som på eit tømra bygg. Men det er ikkje nov på den tømra plaken og «kledinga» er festa med trenaglar til stavane. Dette er eit såpass spesielt trekk at underteikna føreslår å kle inn «plaken» med liggjande bordkledingsbord sidan ein større del av desse bygningselementa, unnatake mot vest, er så fulle i al-ved at dei framleis stør av bygget: utan desse elemnta er eg redd bygget hadde kolapsa.

Vestre gavlveggen har ståande kleding..

Taket er eit sperretak med rasteskifer på ope sutak. D.v.s. oppleggjene/spikerslaget/lektene ligg rett på sperra. Slik er taket svært ope for vær og vind. Dette er ein føremon ved at vatnet som lek inn i bygget tørkar opp.



Fleire av bølgjeblekkplatene, som er lappa på i nyare tid, er blåse bort.

Fundamentet på bygget er granittstein som er frå stranda/området på øya. Det er ein liten kai mot nord elles direkte inngang frå sjøen til svala som har ope golv og er nærmest ein del av kaien.

Kostnadsoverslag restaureringa av notabua

Det er ikkje henta inn fast pris på det føreståande arbeidet. Underteikna si røynsle med å innhenta pris på slikt arbeid er at byggmeister kvar seg med det. I dei høve dei er viljuge til å gi fast pris blir denne ofte urealistisk høg. -Av di dei er redd for å gå på tap dersom det dukkar opp uforutsette utgifter. Difor har underteikna stipulert kostnadsoverslaget og basert prisane på røynsle frå prosjekt eg har vore borti og somdet er naturleg å samanlikna notabua med.

Det er avgjerande for eit godt resultat at både prosjektleiar og utøvande tømrar har naudsynt kompetanse innan bygningsvernfaget. Notabua er eit spesielt bygg som krev spesiell arbeidskraft.

Prinsippet er at mest mogeleg av den originale materialen framleis skal nyttast: minst mogeleg av det originale virke skal fjernast. Sjølvsgåt går grensa i dei høve der rote eller anna skade fører til at elementet ikkje klarar gjera jobben med å ta vare på bygget. Det er viktig at utøvande tømrer får

synfare bygget før tinging av material, då ein i størst mogeleg utstrekning skal nyttar same dimensjonane som er i dag. Det skal nyttast material av malmfur. Gjerne frå lokalt sagbruk.

Byggningselement	arbeid	kost arb. matr. inkl. mva
Tak	Rasteskifertaket er medfore/i dhelle därleg stand. Opprinnelag har det vore 6 raster på kvar langside. Øvste delen av skiferen på begge sider av taket er i dag erstatta med bølgeblikkplater. Ein føreslår å montera attende rasteskifertaket og nyttar den steinen som ligg igjen etter det nedrasa uthuset vestom våningshuset på garden. Det er naturleg at ein også demonterer den skiferen som ligg att på taket: tendensen med at steinane raser ned er indikasjon på at spikrane/naglane som held taksteinen må forsterkast.	58.000
Sperr Spikerslag/opplengje	Sperra er prega av at taket har hatt lekkasje. 6 av 12 sperr lyt skiftast. Opplengjene/spikerslaga som held skiferen lyt også supplerast. Dimensjon som før	18.000
Kleding Liggjande	Liggande kleding. For å ta vare på det særskilte trekket som den liggande planken på bygget Vert veggen lekta ut med 1,5 x 3toms opplengje. Kledingen skal vera av beste sort malmfur, som resten av bygget og monterast med retta ut og geita dekka under sua. Det skal nyttast klipt 4 toms spiker og lekter /Opplengje i 1,5 x 3 tomms..	42.000
Kleding ståande	Den ståande kledingen i austre delen av bygget skal spøtast på med liknande som i dag Dei borda som er brukande skal framleis ver. Bordet skal ikkje skøyta. På bygg som dette ser me at det ofte vart nytta «hunabord « på gavlaveg	16.000
Grindene - Bærande element	Stavane er i toleg god stand. Takk vera at det er nytta al ved. Likevel er det mindre skade på Betane som held utspennet på bygget	22.000
stillas	Det lyt byggjast/leigast stillas kring heile bygget dette må setjast på utkraga plattform som må byggjast	32.000
frakt	utgifter til frakt av material ut og folk til og frå. (Slik det ser ut no er det ikkje høve til å overnatta i bustaden).	45.000
Til saman, restaurering notabu Longøyo Fitjar inkl. 20 % uforutsett		279.000

Stord den 28 oktober 2016

Bjørn Arve Lunde

Bygningsvernkonsulent

Sunnhordland museum